
Fra: Leif Taule <leif.taule@gmail.com>
Sendt: mandag 11. mars 2019 11.03
Til: Postmottak Radøy; Jarle Landås; Jon Askeland
Emne: Spørsmål til spørjetimen - ferietilbud for menneske med stort omsorgsbehov

Ferietilbod for menneske med stort omsorgsbehov

I det siste har det vore store oppslag i lokalpressa om at Lindås kommune har innført eit regelverk som fjernar ferieturer for vanskelegstilte, og det er brukt sterke ord frå m.a. NFU og verjer om kva dette i praksis fører til for desse personane.

Kva reglar er innført i Radøy kommune når det gjeld ferieturar for menneske med stort omsorgsbehov der ein er avhengig av at kommunalt tilsette utfører dei daglege tenestene?

Har desse reglane som Lindås kommune har innført, vore drøfta med Meland og Radøy kommunar - før ein no skal gå saman til Alver kommune?

Mvh
Leif Taule